

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Plan- og samfunnsavdelinga  
 Sak nr.: 15/9829-4

## **Regional plan - Ottadalen villreinområde**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Ottadalsområdet, med heimel i plan- og bygningslova § 8-4. Planframlegget omfattar planskildring, retningslinjer, handlingsprogram, konsekvensutgreiing og plankart.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

### Vedlegg:

1. Planskildring med handlingsprogram
2. Plankart
3. Temakart infrastruktur dagsett
4. Innkomne merknader og arbeidsgruppa sine kommentarar

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Saka gjeld endeleg vedtak av regional plan for Ottadalen villreinområde. Planen inneheld og handlingsprogram. Saka har vore til offentleg ettersyn 3. gonger. Ved 3. gongs offentleg ettersyn kom det inn 15 merknader. Prosjektleiari frå Lesja kommune og sakshandsamarane i dei tre fylkeskommunane har saman og drøfta dei innkomne uttalene.

3. gongs offentleg ettersyn påverkar i liten grad interesser i Sogn og Fjordane fylke.

### **2. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunane fekk i april 2007 brev frå Miljøverndepartementet med oppmoding om å utarbeide regionale planar for fjellområde som er spesielt viktige for villreinens framtid i Noreg. Departementet la til grunn at planane skulle avgrense "Nasjonale villreinområde" og fastsetje ei langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern. I samsvar med reglane i plan- og bygningslova vil planane vere retningsgjevande for kommunal planlegging og gje føringar for statleg og fylkeskommunal sektorplanlegging.

Saka har vore til handsaming i fylkesutvalet fleire gonger:

- FU-sak 54/10, møte 28.04.2010 – start på arbeid med regional plan
- FU-sak 108/10, møte 29.09.2010 – utlegging av planprogram til offentleg ettersyn

- FU-sak 49/11, møte 27.04.2011, vedtak av planprogram og val av medlemmer til styringsgruppe
- FU-sak 146/11, møte 14.12.2011 – nytt val av medlemmer til styringsgruppe
- FU-sak127-12, møte 07.11.2012 – utlegging til 1. gongs offentleg ettersyn
- FU-sak 122/13 møte 27.11.2013 – utlegging til 2. gongs offentleg ettersyn
- FU-sak 42/14, møte 14.05.2014 – slutthandsaming. Saka vart utsett

Oppland fylkesting handsama innkomne merknader til 2. gongs offentleg ettersyn i møte 22.04.2015. Vedtaket i Oppland fylkesting førte med seg så store endringar at det var naudsynt med ny utlegging til offentleg ettersyn.

I juni 2015 gav vi Oppland fylkeskommune fullmakt til å leggje planen ut til 3. gongs offentleg ettersyn utan at vi tok opp dette politisk. Bakgrunnen var at endringane i liten grad ville påverke interesser i Sogn og Fjordane. Vi gjorde det og med bakgrunn i at det var halde møte mellom dei tre fylka 22.01.15, der fylkesordførarane og fylkesmennene møttest og drøfta vidare framdrift.

Planen var ute til 3. gongs offentleg ettersyn i oktober og november 2015 med følgjande framlegg til endring:

1. Fjerne retningslinene for «Fjell og fjordbygder»
2. Flytte grensene for buffersone ved Billingen i tråd med styringsgruppevedtak før 2. gangs høyring.
3. Endre Uppnose frå «Randsone» til sone for «Fjell og fjordbygder».

Berre punkt 1 har påverknad på planen sitt tilhøve til Sogn og Fjordane. Under er utklipp av retningslinene som no er foreslått fjerna:

#### **SONE C | Fjell- og fjordbygder**

*Sone C er kulturlandskap som omfattar bygdeområde med tettstadar og spredde busetnad.*

*Det er kommunane si eiga planlegging etter plan- og bygningslova som avklarar omfang av næring, busetting og fritidsbustadar, men avstanden til randområde og nasjonalt villreinområde er så liten i mange område at kommunen bør vurdere i kvart enkelt tilfelle om nye tiltak kan få direkte eller indirekte konsekvensar for villreinen og villreinen sine leveområde. Dette er særleg viktig når det gjeld tiltak som kan påverke sårbare villreinområde.*

Sakshandsamarane i dei tre fylkeskommunane har, saman med prosjektleiaren, samanstillt og drøfta dei innkomne uttalene i møte 29.01.16.

Det har kome inn 3 merknader som omhandlar interesser i Sogn og Fjordane fylke:

1. Statens Vegvesen, Region Øst 25.08.15
2. Stryn kommune, 15.10.15
3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 30.10.2015

Ved ein feil vart merknaden frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane ikkje handsama i dette møtet. Prosjektleiar og sakshandsamarane i dei tre fylkeskommunane har i ettertid drøfta merknaden og kommentert også denne fråsegnen. Uttalar med kommentarar er tilgjengeleg i vedlegg 4.

#### **4. Konklusjon**

Planen har vore til offentleg ettersyn 3 gonger. Innkomne merknader etter 1. og 2. gongs offentleg ettersyn har vorte innarbeidde i planframlegget med bakgrunn i politisk handsaming.

For Sogn og Fjordane sin del er det berre éi av endringane lagt fram ved 3. gongs offentleg ettersyn som gjeld areal i fylket. Dette er at eigne retningslinjer for sone C – Fjell og fjordbygder – er teke ut. Dette er grunnlagt med at retningslinjer for sone A og B gir tilstrekkeleg vern for villreinen sine leveområde, samt at arealbruken i sone C uansett må avklarast gjennom kommuneplanlegging med tilhøyrande prosessar i kvar kommune.

Merknadane frå Statens vegvesen og Stryn legg ikkje opp til konkrete endringar og er tekne til orientering. Når det gjeld merkningen frå fylkesmannen i Sogn og fjordane går den i stor grad på moment som ikkje var på høyring ved 3. gongs offentleg ettersyn.

Fylkesrådmannen meiner dei ulike interessene på ein god måte har delteke i utarbeiding og gjennom dei omfattande høyringane. Fylkesrådmannen ser planen som eit godt grunnlag for eit vidare forvaltningsarbeid for området, og rår til at plan med føresegner vert vedteken slik den ligg føre.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)